



Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3690 - 14/13305

Saksbehandlar:

Kari Anne Iversen

kari.a.iversen@meland.kommune.no

Dato:

08.09.2014

## Høyringsrunde - reviderte retningslinjer for AKAN i Meland kommune

### BAKGRUNN

Meland kommune sitt AKAN-reglement har vore uendra over mange år. Ved HMT-opplæringa for tenestemrådeleiararar og verneombod våren 2013 var AKAN eitt av mange tema som vart gjennomgått av kurshaldar Hordaland fylkeskommune, og gjeldande AKAN-reglement i Meland kommune vart drøfta. På bakgrunn av dette har administrasjonen kome fram til at det er fornuftig å ta ein gjennomgang av reglementet.

Arbeids- og samfunnsliv har endra seg mykje sidan AKAN vart etablert som metode på 1960/70-talet. Den gangen var misbruk av alkohol det problemet som fekk størst merksemd. Misbruk av narkotiske stoff har også alltid vore knytta til AKAN, medan det i dei siste åra også er blitt retta merksemd mot misbruk av medikament og dei problema som oppstår når folk vert avhengige av pengespel. AKAN sentralt skifta i 2006 namn til *Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk*

I framlegget til reviderte retningslinjer har administrasjonen m.a. prøvd å tydeleggjere føremålet med det lokale AKAN-arbeidet, og også i større grad å klargjere roller og organisering. Sjølve saksbehandlingsrutinen er i all hovudsak den same; her er det berre gjort nokre mindre justeringar.

Framlegg til endring:	Bakgrunn:
Nytt namn: <i>Retningslinjer for AKAN-arbeidet</i>	Oppfølging i enkeltsaker er basert på frivillig medverknad frå arbeidstakaren. Retningslinjer er då er betre omgrep enn reglement. Også AKAN sentralt nyttar retningslinjer.

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

--	--

<b>Framlegg til endring:</b>	<b>Bakgrunn:</b>
AKAN-utvalet si rolle.	Skal vere på det førebyggjande og handlingsskapande planet.
AKAN-hovudkontakt	Rolla som AKA hovudkontakt er tatt bort. Derimot er leiar si rolle i enkeltsaker aksentuert. HR kan bistå ved behov. Det bør ikkje involverast fleire personar enn nødvendig
Personkontakt	Rolla er tatt bort. Kan vere ei belastande rolle å ha.
Punkt 2 i gml. Reglement: "Åtvaring <u>med kopi</u> til tillitsvald..."	Kopiar av skriv med personsensitivt innhald bør avgrensast, sjølv om teieplikta er påpeikt. Det må elles vere opp til arbeidstakaren sjølv om han/ho ønskjer å involvere tillitsvald i saka.
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Medikament som gir rus</li> <li>• Pengespel</li> </ul>	To nye fenomen som er tatt inn i retningslinjene.

Framlegget til reviderte retningslinjer vert med dette sendt på ein høyringsrunde før AMU får saka til behandling.

Merknader og innspel kan sendast til adm. stab rådmann innan 03.10.14

Med helsing

Kari Anne Iversen  
Personal- og organisasjonssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Framlegg til nye retningslinjer for AKAN-arbeidet i Meland kommune  
AKAN I MELAND KOMMUNE

**Kopi til:**

Kathrine Straumøy Brakstad

KOPPI

**Mottakere:**

Ingvild Hjelmtveit  
Anny Bastesen  
Bente Bing Kleiva  
Hogne Brunborg  
Solbjørg Åmdal Sandvik  
Rolf Inge Fyllingsnes  
Irene Hystad Hugaas  
Randi Rotevatn Minde  
Britt Hilde Romarheim  
Tord Moltumyr  
Camilla Smith-Strøm  
Kjell Ølnes  
Per Inge Olsen  
Guro Osnes

KOPPI